| Vekeplan for 1.trinn | 43 |
|---|---|

**Læringsmål**

| | |
|---|---|
| **Sosialt** | Eg kan trøyste, oppmuntre og hjelpe andre. |
| **Norsk** | Eg kan bokstavnamnet og leselyden til Ff og Åå. |
| **Matematikk** | Eg kan rekkjefølgen av tala til 10. |

***Lekser denne veka:***

| Til tysdag | Til onsdag | Til torsdag | Til fredag |
|---|---|---|---|
| **Heimegruppe!**<br><br>Leksefri pga heimegrupper! | **Norsk:**<br>Les boka du lånte på Biblioteket.<br><br>Uteskule til Toreskogen.<br><br>**Hugs gode klede!**<br> | **Norsk:**<br>Les s.56 og 57 i Salto elevbok.<br>Les stjerne -★ måne☾ - eller sol ☀ - teksten.<br><br>Det er lov å lese alle☺<br><br>Ff  <br><br>Fisk<br> | **Norsk:**<br>Vis Flaskeposten til mor og/eller far. Fortel kva du har skrive og teikna.<br><br>Lever postmappe, Flaskeposten og låneboka.<br><br><br>GOD HELG☺<br> |
| **Måndag 13.25**<br>**Tysdag 12.15** | **Onsdag 13.40** | **Torsdag 13.40** | **Fredag 12.15** |

www.minskule.no/kleppe

| # Informasjon og lekseplan | 43 |
|---|---|

Hei!

Heimegrupper:
Måndag 21.oktober er det heimegrupper for alle klassane på trinnet. Det er viktig at alle prioriterer heimegruppene og møter opp. Skulle det likevel vere at ein blir hindra, er det viktig at de gjer beskjed til den heimen der eleven skulle vore på besøk!

Zippys venner:
Denne veka starter me opp med «Zippys venner» på 1.trinn. Det er eit skuleprogram som har som føremål å fremje god psykisk helse og eit godt psykososialt miljø på skulen. Sjå vedlagt skriv for meir informasjon.

Kunst og handverk:
Me ber alle om å ta med ein tom dorull til skulen, innan torsdag denne veka. Fint viss de skriv namnet til eleven inni dorullen.

Klassekasse:
På foreldremøtet informerte forledrekontaktaneom at dei ønsker å ha ei «klassekasse» til disposisjon. Dei oppfordrar alle som har høve til å betale inn 100 kr (eller anna valfritt beløp) som skal gå til sosiale føremål på 1.trinn. Det er sjølvsagt frivillig å betale inn. For dei som ønsker å bidra så søkjer de opp Kleppe skule f.2018 på Vipps.

Halloween:
Foreldrekontakatane inviterer til felles Halloween-feiring onsdag 30.10. kl.17.30-19. Meir informasjon finn de på klassane sine Facebooksider.

Utviklingssamtalar:
Det blir samtalar i veke 44-46. Sjå oversikt på vedlagt skriv.

Har de spørsmål eller beskjedar, send melding på Visma. Er barnet sjukt, må me få beskjed på Visma før klokka 08.00 same dag.

Ha ei fin veke ☺
Helsing oss vaksne på 1.trinn.